

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 30.04.2020
SAKSHANDSAMAR: Synnøve Teigelid
SAKA GJELD: **Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2020**

ARKIVSAK: 2020/128
STYRESAK: **067/20**

STYREMØTE: **20.05.2020**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 180 mill. til totalt kr 1 328 mill.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som er knytt til investeringane.

Oppsummering

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at det er behov for å auke langsiktig låneramme med kr 180 mill.

Kommentarar

Styret i Helse Vest behandla i møte den 05/09-2019 sak 86/19 B Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2019-2020. Det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 115 mill. til totalt kr 1 148 mill.*
2. *Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.*
3. *Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som knyttar seg til investeringane.*

Helse Vest IKT nyttar allereie den samla låneramma på kr 1 148 mill. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt kr 150 mill. i a-konto frå RHF-et til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at det er behov for å auke langsiktig låneramme med kr 180 mill. Det blir her vist til styre i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 31/20 B:

1. *Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 076/19 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2020 og i vedlagt likviditetsprognose, utarbeider og sender til Helse Vest RHF søknad om lån på 180 mill. kr.*

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter dette utgjere kr 1 328 mill.

Likviditetsbehovet oppstår som følgje av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT-aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på driftskredittramma. Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår å auke låneramma med kr 180 mill. til kr 1 328 mill. i tråd med Helse Vest IKT sin søknad.